

Referat frå foreldremøte mandag 26.08.2019 kl 17:30

Foreldre for 1.klasse er tilstades frå kl 17:30

Velkommen og presentasjon av Bjørg og Irene.

Det vart informert om lese og skriveopplæringa, der det no i starten er fokus på rask bokstavinnlæring, med 2 nye bokstavar kvar veke. Det vert jobba mykje med boka «språkleikar» for at dei kjapt skal knekke lesekoden.

Det vert jobba parallelt med blokkbokstavar og stavskrift-bokstavar, men dette må tilpassast ut frå kvart enkelt barn sin kapasitet. Det må vera fokus på å lage lyden til bokstaven når ein skriv dei, for det er desse lydane barna etter kvart skal dra saman til ord.

Det er nok å skrive ca 5 av kvar bokstav i skriveboka, og ca 10min med leksejobbing for dagen er nok.

MultiSmartØving – skulen har akkurat fått lisensar til dette skuleåret, og brukarnamn og passord vil bli sendt ut i neste veke. MultiSmartØving er nettbasert matematikkopplæring som vert nytta på Myking Skule.

Det vert gjennomført «Tove Kroghs kontrollert teikning» test på borna. Dette er ei teikneoppgåve der borna skal teikne ut frå instruksjonar frå læraren. Denne testen vil få fram mykje informasjon om blyantgrep, arbeidsstilling, forståelse av grunnleggjande begrep, forståelse av rom etc.

2.klasse foreldra er med frå 18:00

Klassane er delte i norsk, matematikk og engelsk, elles er dei samla i ei gruppe på 19 elevar.

Ein vil ha meir aktivitet i skulekvardagen, og det oppnår ein gjennom å gje plass til leik og praktisk arbeid i skulekvardagen.

Pedagogisk leiketime:

- Pedagogisk oppdragelse
- Empati
- Språkleg/fagleg utvikling
- Grensesetjing
- Problemløysing
- Utvikle seg sjølvstendig
- Bruke sin eigen kreativitet gjennom praktisk arbeid

Verkstadpedagogikk:

- Praktisk læring gjennom arbeid med ulike materialer.

Uteskule:

Symjeundervisning: Tek til etter haustferien. Alle MÅ HÅ Håndduk, såpe og badehette. Kjem informasjon når det nærmar seg.

Temaveke: Veke 44 – i år er temaet Eventyr

Ullbyen: Temaet for årets ullby er «Framtidas bondegård». Dette skal dei jobbe med i kunst og handverk framover.